

# 17.mai på Viggja



## Program for dagen:

### **Kl 10.00: Samling på Viggja skole**

Sang av Koret Våren, Viggja

Tale for dagen v/elever i 7.klasse

Skolebarna synger *Viggjasongen*

### **Kl 10.30: Toget går fra skoleplassen**

Etter at toget har gått tradisjonell rute og kommet tilbake til skolen, er det pause fram til kl 14.00.

### **Kl 12.00: Familiegudstjeneste i Børsa kirke**

### **Kl 14.00: Samling på skolen**

Gratis pølse m/brød og brus for barna

Salg av lapskaus, pølse m/brød, is, brus, kaffe og kaker

**Kl 14.30:** Leiker for store og små

Natursti v/4H

Loddsalg

**Kl 16.00:** Loddtrekking og premiering av natursti



**17.mai-komiteen gratulerer alle så mye  
med nasjonaldagen!**

# Song til Viggja

Tekst: Arnold Hofset

Tone frå Vestlandet



Istida rugande låg over landa,  
snøbrear glitrande gleid imot hav.  
Nordhavet rasande frøste mot stranda.  
Noreg låg daudt under istid og kav.  
Viggja ho låg der og drøymde om sol.  
Jamvel om landet låg langt opp mot pol.

Verlaget betrast og snøkåpa rivna,  
gråberget steig fram frå nut og frå topp.  
Mosen han grodde der bergveggen livna,  
soldronning sigra,  
kong vinter gav opp.

Våren var komen til bygda i nord.  
Reinvaska låg ho og smilte mot fjord.

Skogen voks tett ifrå høgda til fjorden.  
Her var det nøgda av storfugl og vilt.  
Laksen slo sylvblanke ringar med sporden,  
men allting låg øyde og menneskestilt.  
Skinnkledde jeger med steinøks i hand,  
svinga inn leia, drog båten i land.

Viggja voks fram mellom sjøen og skogen,  
haust vart til vinter, og vinter vart vår.  
Nyland vart rydda og lagt under plogen,  
korngule åkrar gav tryggare kår.  
Vikingar ville drog vester mot hav,  
hovdingar føddest og lagdest i grav.

Stallaren Sigurd og Torgeir og Lodin,  
la glans over bygda i tida som svann,  
Kloster vart grunna på holmen i fjorden,  
verket står enno og minner om mann.

Kvitrekrist sigra på Odin og Tor.  
Kyrkja vart grunna på Viggja si jord.

No ser vi bygda med velstelte gardar,  
sagbruk og verkstad gjev arbeid og brød.  
Traktoren durar der treplog og ardar,  
sveitte og slit gjorde skogen til bø.  
Gjev du må signast med trivnad og fred,  
velstand og lukke i led etter led.

